



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 17. oktober 2018 kl. 09.00 – 12.00

Stad: Kantina, kommunehuset

Tilstade: Leif Erik Gullanger (leiar), Rolf Henning Hegland (nestleiar),
Kåre Helge Østrem (medlem), Ann Kristin Tonning (medlem) og Rebecca
Duesund Fjeldsbø (medlem)

Forfall:

Innkalla: Leni Dale, Kommunalsjef helse og omsorg (til sak 45/18)

Frå revisjonen: Rekneskapsrevisor Espen Hordvik, Deloitte (til sak46-48/18)
Forvaltningsrevisor Frode Løvlie, Deloitte (til sak 49/18)

Sekretær: Øivind Olsnes

42/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent

43/18 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møte den 13.09.2018

Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte den 13.09.2018 er godkjent

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte den 13.09.2018 er godkjent



44/18 Skriv og meldingar:

Saksvedlegg:

- a. Meland kommunestyre vedtak sak 56/2018 – oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – Vedtaksoppfølging Meland kommune
- b. Kommunestyrevedtak – endringar kontrollutval

Saksopplysningar:

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

45/18 Orientering om helse og omsorg

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

I kontrollutvalet sin møteplan for 2018 er det planlagt ei orientering frå administrasjonen om tenestene innan Helse og omsorg.

Administrasjonen er førespurt om å gje orientering om mellom anna:

- Organisering
- Status for tenestene
- Aktuelle prosjekt / omsorgsteknologi
- Utfordringar
- Anna som kan vere relevantt for kontrollutvalet

Behandling i møte:

Kommunalsjef Helse og omsorg, Leni Dale deltok i møtet og gav ei orientering der mellom anna følgjande framkom:

Organisering

Organiseringa vart endra for 2 år sidan

Har no ein reindyrka forvaltningsmodell for vedtak av tenester

Er delt inn i 5 einingar med einingsleiarar for:

- sjukeheimstenester
- heimetenester
- helsetenester
- funksjonshemma avd
- NAV



Status for tenestene

Heimetenesta: Totalt ca. 500 brukarar

OMT (omsorgsteknologi) 269 brukarar

Dagplassar (for demente og somatisk) – totalt 38 brukarar

«Omsorgsbustader pluss» - 33 plassar (med heildøgns bemanning)

Eining for funksjonshemma:

Brukarar over 16 år – 69 personar, har etablert ulike rutinar for kontroll

6 bufellesskap – 44 plassar

Dag- og aktivitetssenter – ca 15 brukarar

Eining for helse:

Psykisk helse og rus – brukarar med vedtak totalt: 195

Lågterskeltiltak utan vedtak

Bufellesskap

Legetenesta – totalt listekapasitet: 15 100, har ledig kapasitet ca 1 000

Sjukeheimstenesta:

Totalt 94 plassar (21 korttid, 73 langtid)

Beleggsprosent auka frå 2017 til 2018; P.t. 2018 (4 overbelegg/2 kjøp)

Aktuelle prosjekt / omsorgsteknologi:

Gjennomfører mange prosjekt i eigen regi og i samarbeid med andre t.d.

- Alarm-mottak
- «Nordhordland region – saman om velferdsteknologi» 2017 -2020
- Ressursbank (forprosjektet gav arbeidsmiljøpris til kommunen)

Utfordringar:

Status og utfordringar slik dei er omtala i kommunedelplan for helse og omsorg

- Livsløpsperspektiv
- Vekst av samansette lidningar og demens
- Skifte strategi for å setje inn ressursar mot ulike målgrupper

Anna:

- Systematisk gjennomføring av kompetansehevande tiltak
- Årsturnusar, arbeidstidsordningar
- Kvalitetssystem – nye og oppdaterte rutinar
- Kjem ei eldrereform «Leve heile livet» frå neste år

Er i ferd med å planlegge ulike prosjekt for å slå saman kommunane frå 1.1.2020.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takka for god informasjon og tek saka til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for god informasjon og tek saka til orientering



46/18 Uavhengighetserklæring Lindås kommune 2018

Saksvedlegg: Uavhengighetserklæring frå Deloitte AS, datert 08.10.2018

Saksopplysningar:

Deloitte AS v/Bjarne Ryland har utferdiga ei eigavurdering av uavhengighet i høve krav til kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14.

Behandling i møte:

Rekneskapsrevisor Espen Hordvik, Deloitte deltok under behandling og orienterte om saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek erklæringa til etterretning.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek erklæringa til etterretning.

47/18 Interimsrevisjon 2018 - presentasjon

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Behandling i møte:

Rekneskapsrevisor Espen Hordvik orienterte i møtet om gjennomført interimsrevisjon i 2018. Den er ikkje endeleg avslutta, men det er ikkje framkome alvorlege funn.

- Felles avdeling lønn og rekneskap for Lindås, Meland og Radøy
 - Fokus rutinar,
- Innkjøp og fakturamottak
 - Gjennomgang og vurdering av rutinar, inkl. attestasjonsrutine
 - Utført utval av stikkprøvar
 - MVA – kompensasjon
 - Investeringar – drift , føring av kostnader
- Inntekter
 - Utfakturering av brukarbetaling
 - Stikkprøvar diverse inntekter
- Lønn
 - Avstemming og kontroll vedk. lønnsutbetalingar
 - Test utval tilsette – grunnlag, internkontrollrutinar
 - Reiserekningar / pensjonar
- Finansreglement
 - Nytt reglement vedteke 3. mai 2018



Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning

48/18 Plan for komande års revisjon

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Deloitte ved Espen Hordvik er førespurt om å presenterte plan for komande års revisjon.

Behandling i møte:

Rekneskapsrevisor Espen Hordvik presenterte planen for komande års revisjon der det mellom anna vart informert om følgjande:

- Fokusområde
- Internkontroll av kommunen sin økonomi – kvar er det behov for oppfølging?
- Endringar i lovgjevinga
Ingen vesentlege endringar med effekt frå 2018
- Tids og kommunikasjonsplan
- Oversyn over korleis Deloitte tilpassar sin revisjon
- Vesentlege risikoforhold

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisjonsplanen til orientering.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek revisjonsplanen til orientering.

49/18 Status /drøfting av oppfølging plan selskapskontroll / forvaltningsrevisjon

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Planar for selskapskontroll og forvaltningsrevisjon vart vedtekne av kommunestyre i 2016 etter tilrådingar frå kontrollutvalet.

**LINDÅS (Prioritert liste) - Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016 -2020**

| Prosjekt | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Merkn |
|--|------|------|------|------|------|---|
| 1.Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik | | (X) | X | | | Kommunestyrevedtak Sak 038/18 <i>Oppfølging som eit fellesprosjekt Alver</i> |
| 2.Forvaltningsrevisjon av internkontroll i skulen og psykososialt skulemiljø | | | | | | |
| 3.Forvaltningsrevisjon av eininga for funksjonshemma | | | | | | |
| 4. Forvaltningsrevisjon av innkjøp | | | | | | |
| 5. Forvaltningsrevisjon av arbeidet med psykisk helse og rus | | | | | | |
| 6. Forvaltningsrevisjon av overordna internkontroll | | | | | | |

LINDÅS (Prioritert liste) - Plan for selskapskontroll 2016 -2020

| Prosjekt | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | Merkn |
|--------------------------------|------|------|------|------|------|-------------------------------|
| 1.Eigarshapsforvaltninga | | X | X | | | Kommunestyrevedtak Sak 016/18 |
| 2.Knarvik Industri og Miljø AS | | X | X | | | Kommunestyrevedtak Sak 038/18 |

Vedtekne selskapskontrollprosjekt er gjennomført.

Gjeldande planar/prioriteringar vart vedtekne før vedtak om at kommunen skulle slåast saman. Det er no vel eit år fram til avviklinga av Lindås og oppstart av den nye kommunen Alver pr. 01.01.2020.

I møtet vert det foreslege å drøfte korleis planen bør følgjast opp og om det er behov for å endre prioriteringa sett i lys av at kommunen no skal slåast saman.

Moment til drøfting kan vere:

- Kva er viktig for å sikre tilfredstillande internkontroll til kommunen opphøyre
- Kva må funger frå dag ein i den nye kommunen
- Kva prosjekt er relevantt med tanke på kommunesamanslåinga

Behandling i møte:

Forvaltningsrevisor Frode Løvlie deltok i møtet og innleia til ei drøfting av saka.

- Fokus på noverande og komande utfordringar og risikoar
- Samordne felles utfordringar og risikoar
- Kva vil vere nyttig for kommunane og den komande kommunen

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vil vedta ei bestilling av forvaltningsprosjekt i neste møte med grunnlag i drøfting av saka i møte den 17.10.18 og etter fellesmøte med kontrollutvala i Meland og Radøy den 02.11.18.



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek sikte på å vedta ei bestilling av forvaltningsprosjekt i neste møte med grunnlag i drøfting av saka i møte den 17.10.18 og etter fellesmøte med kontrollutvala i Meland og Radøy den 02.11.18.

50/18 Orientering / førebuing av felles møte for kontrollutvala i kommunane som skal gå inn i Alver kommune

Saksvedlegg:

Referat frå møte mellom leiarane i kontrollutvala den 20.09.2018.

Saksopplysningar:

Behandling i møte:

Leiar og sekretær orienterte om planlagt program for møte.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

51/18 Gjennomgang av rekneskapstal for kontroll og tilsyn

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

For å sikre god internkontroll, vert det etter kontrollutvalet sitt ønskje, lagt fram ein oversikt over utgifter til kontroll og tilsyn på kvart møte.

Budsjettramma for kontrollutvalet er av kommunestyret for 2018 vedteke til kr 950.000 og er slik fordelt av kontrollutvalet i sak 11/18:

Økonomikontoret har opplyst at det ikkje er posteringar sidan sist rapportering.

| | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Rekn. pr sept. 2018 |
|-------------------------------|----------------------|----------------------|----------------------------|
| Rekneskapsrevisjon | 220 000 | 230 000 | 104 000 |
| Forvaltningsrevisjon | 500 000 | 465 000 | 258 000 |
| Sekretariat kontrollutvalet | 130 000 | 135 000 | 130 000 |
| Drift av kontrollutvalet | 100 000 | 120 000 | 64 000 |
| Totalt kontrollutvalet | 950 000 | 950 000 | 556 000 |

Oversyn for tenesta kontroll og tilsyn per september 2018 syner framleis ein total kostnad på kr 556.000.

Basert på førte og forventa kostnader vil rekneskapet kunne styrast i balanse med budsjett for 2018.



Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek status for økonomisk oversikt til orientering.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek status for økonomisk oversikt til orientering.

52/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader.

53/18 Eventuelt

Behandling i møte:

Følgjande saker vart orientert om og drøfta i møtet:

Ingen saker vart teke opp under møte.

Oppfølging:

Samrøystes vedtak:

Neste møte i kontrollutvalet er 26. november kl. 09.00 - Alver Hotel

Saker til neste møte er:

- Økonomisjef Janne Sund - Oppfølging av punkt i revisjonsrapport rekneskap
- Tilråding revisjonsordning for Alver kommune
- Oppfølging plan forvaltningsrevisjon
- Framlegg til budsjett for kontrollutvalet 2019
- Møteplan / årsplan for kontrollutvalet 2019

Knarvik, 17.10.2018

Leif Erik Gullanger, leiar (sign)

Øivind Olsnes, sekretær